



Remi Hindenes Bergetun
Gripavegen 21
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2158 - 14/7018

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
08.05.2014

FØRESPURNAD OM OPPLYSNINGAR TILKNYTT MOGLEG ULOVLEG BYGGJETILTAK PÅ GBNR. 31/19 I MELAND KOMMUNE

Meland kommune si byggjesaksavdeling er gjort merksam på at det skal vere satt i verk byggjetiltak på gbnr.31/19 – i form av ein ny, frittliggjande bygning av ein viss storleik – utan at kommunen kan sjå å ha motteke søknad eller godkjent eit slikt tiltak.

Alle byggjetiltak er avhengige av søknad og byggjeløyve, jf. Plan- og bygningsloven (tbl.) § 20-1, med mindre tiltaket er omfatta av unntaksføresegnene i pbl. §§ 20-3 eller 20-4. I høve til frittliggjande bygningar er følgjande tiltak frittatt frå søknadsplikt, jf. § 20-3 og Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 4-1 bokstav a:

«§ 4-1. Tiltak som ikke krever søknad og tillatelse

Oppføring, endring, fjerning, riving og opparbeidelse av følgende tiltak som er i samsvar med plan- og bygningsloven § 1-6 andre ledd, er unntatt fra kravet om byggesaksbehandling:

- a) *Mindre frittliggende bygning på bebygd eiendom som ikke skal brukes til beboelse. Mønehøyde kan være inntil 3,0 m og gesimshøyde inntil 2,5 m. Verken samlet bruksareal (BRA) eller bebygd areal (BYA) kan være over 15 m². Avstand til annen bygning på eiendommen skal ikke være mindre enn 1,0 m.*» (Administrasjonen si understrekning.)

Opplysningane Meland kommune har motteke talar for at det påståtte byggjetiltaket på gbnr. 31/19 er større enn kva som er omfatta av unntaksføresegna i SAK10 § 4-1 bokstav a, slik at tiltaket er avhengig av søknad og byggjeløyve, jf. pbl. § 20-1.

Byggjetiltak skal som utgangspunkt omsøkjast, prosjekterast og utførast av føretak med ansvarsrett, jf. pbl. § 20-1 andre ledd. Tiltakshavar kan likevel sjølv søke om oppføring av frittliggjande bygningar «*som ikke skal brukes til beboelse, og hvor verken samlet bruksareal (BRA) eller bebygd areal (BYA) er over 70 m²*», jf. SAK10 § 3-1 bokstav b.

Dersom eit tiltak vil kome i strid med gjeldande lov- eller plangrunnlag kan kommunen uansett ikkje godkjenne tiltaket utan naudsynt dispensasjon eller planendring, jf. høvesvis pbl. § 19-2 og pbl. kap. 11-12.

Kommuneadministrasjonen har førebels ikkje teke stilling til om det faktisk er sett i verk noko ulovleg byggjetiltak på gbnr. 31/19, idet administrasjonen i denne omgang ber om dykkar tilbakemelding på om det i det heile tatt er oppført ein frittliggjande bygning på eigedomen, i tillegg til eksisterande bustad. Om slik bygning er oppført, ber administrasjonen i tillegg om ei utgreiing om utførte arbeider (type byggverk, storleik m.m.).

Dersom det er utført byggjetiltak i strid med føresegner gitt i eller i medhald av Plan- og bygningsloven har kommunen ein plikt til å følgje dette opp, jf. pbl. 31-2. Om handsaming av ulovlege tiltak vert det vist til reglane om oppfølging av ulovlege byggjetiltak i pbl. kap. 32.

Frist for tilbakemelding vert sett til 30.5.2014.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Remi Hindenes Bergetun

Gripavegen 21 5918

FREKHAUG